

## **Føresegner og retningslinjer**

# **Kommunedelplan for Skogsskiftet 2009-2021**

**Datert 05.03.2009, sist revidert 16.11.2009**

**Vedteke i planutvalet, PU sak 011/11, 24.01.2011**

**Vedteke i kommunestyret, sak 004/11, 08.02.2011**

**Plannr: XXXX**

Føresegnene inneheldt både generelle føresegner, tematiske føresegner og geografisk avgrensa føresegner.

Dei geografisk avgrensa retningslinene er veiledande og kan ikkje nyttast som heimel for vedtak etter planen. Retningslinene er politiske føringar som vert lagt te grunn i den praktiske sakshandssaminga.

### **Føremål med planarbeidet:**

- Avklara om ein skal satsa på vidare utvikling av eksisterande Skogsskifte eller satsa på nytt kommunesenter ved Hesttjørna
- Avsetja naudsynt areal for utvikling av Skogsskiftet på kort og lang sikt samt avklara framtidig riksvegtrase
- Utarbeida mål for utvikling av ein god tettstad der landskapskvalitetar inngår som ein del av staden sin identitet

### **Målet med planen**

- Styrka Skogsskiftet si rolle som kommunesenter
- Leggja til rette for vidare utvikling av Skogsskifte gjennom
  - fortetting med kvalitet i sentrumsområdet
  - leggja hovudvegen i tunnell utanom sentrum
  - tilrettelegging av bustadområde med maks byggehøgde under cote 70
  - næringsområde nær hovudvegen
- Leggja til rette for at Skogsskiftet blir
  - ein attraktiv tettstad der arkitektur, uterom og landskapskvalitetane vert ein del av staden sin identitet
  - eit godt kollektivknutepunkt med offentlege og private tenester for fastbuande og besøkande
  - ein god kulturell og sosial møtestad som er tilgjengeleg for alle
  - ein trygg stad med mangfald av funksjonar som gir liv og sosial kontroll det meste av døgnet
  - ein tettstad skjerna for gjennomgangstrafikk
- Planen skal vera ein effektiv reidskap for saksbehandling

## **A) GENERELLE FØRESEGNER**

### **1. Lovheimel**

Plankartet i målestokk 1: 7500, datert 16.11.2009 Med tilhørende føresegner datert 05.03.2009 er utarbeidd med heimel i Plan- og bygningslova (pbl) § 20-4. Plankart og føresegner er juridisk bindande.

### **2. Plankrav og planstatus**

Denne planen med føresegner utfyller og supplerer kommuneplanen og eldre reguleringsplanar som framleis skal gjelda. Dersom det er motstrid mellom denne planen og eldre planar, gjeld denne planen framfor eldre planar, med mindre anna er nemnd i disse føresegnene.

Ved utarbeiding av nye reguleringsplanar for bustadføremål og offentleg føremål kan ein i høve til det som er vist på plankartet til kommunedelplanen føreta mindre justeringar av plangrensa.

#### **Planar som er foreslått oppheva og erstatta av ny plan**

1. Skogsskiftet 1982
2. Motorsportsbane vedtatt 1984

#### **Planar som framleis skal gjelda:**

1. Skoge Vedtatt 1983
2. Skoge Endringsvedtak 1984
3. Midstegen II 1986
4. Sauafjellet 2002
5. Hammersland (N)1999
6. Hammersland (S) 1976
7. Skule idrett ved Skogsvåg 2001
8. Hammersland Nord 2008
9. Hammersland 2005

### **3. Utbyggingsrekkefølge**

For bustadområda gjelde desse rekkefølgeføresegna;

B1 kan ikkje byggjast ut før Motocrossbana er flytta til annan stad.

B2 Kan ikkje regulerast før nytt industriområde er regulert.

Uteareala i reguleringsplanar for bustadføremål skal være ferdig opparbeidd etter godkjent illustrasjonsplan før det kan gjevast bruksløyve til bustadar.

For sentrumsområde S 3 gjelde denne rekkefølga:

S3 kan ikkje regulerast før motorkrossbana er avvikla og området er regulert til industri.

Ingen område kan byggjast ut før dei er tilrettelagt med veg, vatn og avlaup.

Der det i reguleringsplanar vert stilt krav om støyskjerming, skal desse vera ferdigstilt før området kan takast i bruk.

#### **4. Utbyggingsavtale**

Utbyggingsavtalar kan brukast innafor alle typer tiltak som lova gir tilgang til, jf. PBL § 64b. Utbyggingsavtale kan nyttast for å regulera talet på bustadar i eitt område, og storleiken på bustadar, kostnadsfordeling av teknisk og grøn infrastruktur.

### **B) TEMATISKE FØRESEGNAR**

#### **5. Skogsskiftet sin identitet og kvalitetar**

Ved planlegging av nye utbyggingsområde skal kvalitetane som skapar Skogsskiftet sin viktigaste identitet, liggja fast :

- 1) Det småkupperte sagtannlandskapet med lyngheier,
- 2) Dei snaue fjelltoppane eller landemerka over kote 70
- 3) Grønt aksen Kvalvika –Skogsvatnet – Ådnavika
- 4) Friluftsområda med den vesle og dei store "Skogsløypene"

#### **6. Universell utforming**

Ved planlegging og gjennomføring av tiltak på offentlege plassar og uteareal skal det sikrast tilgjenge for alle, jf. Rundskriv T-5/99 MD

#### **7. Risiko og sårbarheit**

ROS-analysar kan krevjast i samband med utarbeiding av reguleringsplanar der:

- Området eller nærliggjande område har hellingsgrad større enn 27 grader.
- Området er utsett for sterk vind,
- Området har radon i grunnen.
- Tiltaket genererer transport eller oppbevaring av farleg eller brannfarleg gods
- Tiltaket ligger nær kraftleidningar og –kablar, og kan bli utsett for høgare feltstyrke enn 0,4 mikrottesla ved gjennomsnittleg strømføring. Følgjande horisontale avstandar frå næraste kraftleidning er rettleiande for utgreiing og vurdering av tiltak: 70 m ved 420 kV, 45 m ved 300 kV, 25 m ved 132 kV, 3 m ved 22 kV. Analyse kan også være aktuelt ved plassering tett opptil restriksjonsbelte etter forsyningsforskrifta.
- Tiltaket kan påverke drikkevasskjelde eller vassforsyning,
- Tiltaket kan bli utsett for støy frå andre kjelder enn helikopter og vegtrafikk
- Området har mangelfull trafikksikring eller tiltaket vil gi vesentlig negativ effekt for trafikktryggleik
- Flaumfare og handtering av overflatevatn

Analysen skal avgrensast til relevante problemstillingar, og omfanget tilpassast kvar enkelt sak. Behovet for avbøtande tiltak og rekkeføljekrav skal avklarast.

Heimel: PBL § 68, forvaltningsloven § 17

#### **8. Barns interesser**

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging skal leggjast til grunn for all planlegging og søknadar om tiltak.

Det skal takast spesielt omsyn til trafikksikre snarveggar, gang- og sykkelveggar og gode og varierte aktivitetsområde..

Ein føresetnad for eventuell omdisponering av areal som er viktige for barn sin leik er at det samstundes vert sikra erstatningsareal i samsvar med rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging.  
Heimel: PBL §§ 2 og 20-4, 2.ledd, d

## **9. Uteopphaldsareal**

### *Privat uteareal*

Alle einebustadar og rekkehus skal ha minimum 50 m<sup>2</sup> privat uteopphaldsareal pr bueining. Alle leiligheitsbygg og blokker skal ha minimum 6 m<sup>2</sup> privat uteopphaldsareal pr bueining. Min 50 % av arealet skal liggja på bakkeplan. Privat uteareal skal ha gode soltilhøve og vera skjema mot innsyn og framherskande vindretning.

### *Leikeplassar og rekreasjonsområde*

Alle bustadområde skal ha felles eller offentleg nærleikeplass på min 150 m<sup>2</sup> med maks avstand frå bustad på 50 m. I bustadområde med meir enn 25 bueiningar skal det avsetjast areal til felles eller offentleg kvartalsleikeplass på min 1,5 daa. Avstand til bustad skal ikkje vera større enn 150 m.

Areal avsett til leik og rekreasjon i reguleringsplanar skal ha ei god lokalisering og utforming for ulike bruk for alle brukargrupper, uavhengig av alder og førlegheit. Uteareal skal gi gode soner m.o.t. sol og skjerming mot sjenerande vindar. Areal til leik og rekreasjon skal som hovudregel ikkje vera brattare enn 1:3. Brattare terreng enn 1:3 må ha særlege kvalitetar eller bruk. Utearealet, (MUA) skal utgjera min 20% av bruksarealet i bygningsmassen. Minimum 50% av felles uteopphaldsareal skal vera på bakkeplan.

### *Leikeplassar og rekreasjon i sentrum*

I sentrumsområdet kan 50 % av arealkravet liggja på torg/ offentleg plass  
I samband med søknad om oppføring av, skular og barnehagar skal det utarbeidast eit sol/skuggediagram for aktuelle tidsrom det er i bruk.

## **10. Grøntstruktur**

Ved bustadar, skular og barnehagar skal det vera trygt å gå, opphalda seg og leika. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal ein leggja til rette for lett tilgang til samanhengjande grønstruktur avsett i kommunedelplanen.

## **11. Barnehagedekning**

Behov for nye barnehageplassar skal vurderast i alle reguleringsplanar for ny bustadbygging. Dersom det er underdekning i området eller dersom den enkelte reguleringsplan i seg sjølv utløyser behov for nye plassar, skal krav til nye barnehageplassar innarbeidast i reguleringsplanen sine føresegner om rekkefølge.  
Heimel: PBL § 20-4, 2. ledd, b

## 12. Støy

Retningsline T-1442 (Støy i arealplanlegging) skal leggjast til grunn for planlegging av nye bustadområde og "støyfølsomme bygningar!" og for etablering av nye tiltak som vil gi støy til slike områder.

\* Støyfølsomme bygninger er definert i T-1442 kapittel 6.

I støyutsette områder skal støynivå dokumenterast og støydempande tiltak utformast med utgangspunkt i NS 8175. Maks støynivå på nye bustadfasadar er 70 dBA. Nye eller bruksendring bustad skal ha maks innvendig støynivå på 30 dBA.

Bustad bygg der éin fasade får støynivå over 65 dBA, må ha gjennomgåande husvære med balansert ventilasjon.

Felles uteareal nye bustadar maks tillete støynivå 55 dBA.

Uteområde på skuler og barnehagar maks tillete støynivå 50 dBA.

## 13. Energi

Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det gjerast greie for energiforsyning. I byggeområde skal lågenergi - og passivhusløyningar vurderast. Det skal også takast omsyn til energibruk ved plassering og utforming av byggeområde, og til bruk av alternative fornybare energikjelder. Ved søknad om tiltak skal det gjerast greie for vurderingar som er gjort for å oppnå redusert energibruk og bruk av alternative, fornybare energikjelder. Det skal også leggjast fram dokumentasjon for dei tekniske løysingane ein vel, samt energi- og effektbudsjett etter NS 3032. Dette gjeld ikkje for små tilbygg og bygg utan oppvarming.

I kommunale bygg og ved sal av kommunal eigedom til utbyggingsformål skal lågenergi- og passivhusløyningar og alternative fornybare energikjelder prioriterast.

## 14. Miljøstasjon for kjeldesortering, oppstillingsplass for henting av avfall, postkassestativ

I reguleringsplanar for bustadområda skal det avsetjast tilstrekkeleg areal for kjeldesortering, avfallsbeholdarar og postkassestativ. Områda skal sikrast ei tiltalande utforming

## 15. Parkering

Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal fylgjande parkeringsnormer leggjast til grunn:

	Eining	Bilplassar	Sykkelplassar
Bustad lågblock	100 m2 BRA	1,5	2
Bustad rekke og einbustad	100 m2 BRA	2	2
Sjukeheim, pleieheim	Seng	0,5	0,1
Barnehage	Årsverk	0,5	0,1
Skule	Årsverk	0,5	2
Idrettsanlegg	Aktive + publikum	0,1	0,1

Kulturhus/ forsamlingslokale	Sitjeplass	0,3	0,1
Næringsområde	100 m2 BRA	2	0,2
Lager / engros	100 m2	1	0,2
Forretning	100 m2 BRA	10	0,4
Kontor	100 m2 BRA	5	0,4
Småbåthamn	Båtplass	0,5	

Krava er absolutte

Der tilhøva ligg til rette for det, kan sambruk av parkeringsplassar godkjennast.

## 16. Skilt og reklame

Der det er ynskjeleg av bruksmessige og estetiske grunner skal fasadar mot offentlig gate eller plass kunna nyttas til montering av offentlige innretningar for lys, skilt, post, overdekking, haldeplassutstyr, vatn, avlaup, elektrisitet, gass og fjernvarme.

## 17. God terrengtilpassing av bygningar og vegar

Ved regulering av nye utbyggingsområde skal det leggast vekt på god terrengtilpassing. Eksponerte tomter som er synlege frå stort området skal ikkje byggast på. Nye bustadar skal ikkje ha mønehøgde over kote 70. På reguleringskartet skal ein fastsetja maksimal byggehøgde i koter. Det skal veljast hustypar som passar til tomtene slik at ein i størst mogeleg grad unngår sprenging, fylling og muring. Dersom ein likevel må sprengja kan kommunen krevja at det vert gjort greie for handsaming av massane som vert sprengt ut.

Nye vegar skal planleggast med god landskapstilpassing og ein skal i størst mogeleg grad unngå fylling og skjering. Nye og utbetra vegar skal så langt råd er ha universell utforming der det er lagt til rette for fotgjengarar og sikre god og trygg tilgjenge for alle, jf. rundskriv T-5/99 MD (<http://www.miljo.no/pfa.Vegar>).

## 18. Krav til dokumentasjon

Ved utarbeiding av nye reguleringsplanar eller reguleringsendringar skal kommunen der det er relevant, stilla krav om:

- Arkitektonisk kvalitet
- Landskapsanalyse,
- Dokumentasjon av kulturminne,
- Dokumentasjon av vegetasjon eller naturkvalitetar som skal ivaretakast,
- Brattleikskart,
- Sol- skugge analyse,
- Synlegheitsanalyse, fjernverknad
- Illustrasjonsplan som viser plassering av bygningar takformer
- Perspektiv, fotomontasjar ,
- Karakteristiske snitt gjennom planområdet som viser planområde i høve til tilgrensande landskap og bygningar.
- Digital 3D-modell (ved store og kompliserte område)
- Handsaming av overskotsmassar
- Geologisk utgreiing

### **19. Fritidsbustadar**

Det er ikkje tillete å oppføra fritidsbustadar innafor planområdet. Bruksendring av fritidsbustadar heilårsbustad er berre tillete om dei oppfyller krava etter plan og bygningslova.

### **20. Etappevis utbygging**

Ved planlegging av større byggjeområde som skal byggjast ut i fleire etappar, kan kommunen stilla krav om at terrenginngrep skal opparbeidast på ein tiltalende måte etter kvar etappe og at anleggstrafikk ikkje må vera til ulempe for dei busette.

### **21. Kulturminne**

Syner til underøkingsplikta i § 9 i lov om kulturminne. Gjeld både land og i sjø. Meldeplikta etter lov om kulturminne § 8, 2. ledd gjeld og føreset at eventuelle funn av automatisk freda kulturminne vert meldt straks til antikvarisk myndighet.

### **22. Den funksjonelle strandsona**

Det er ikkje tillete å oppføra bygningar eller anlegg i den funksjonelle strandsona innafor planområdet

## **C) GEOGRAFISK AVGRENSA FØRESEGNER**

### **BYGGEOMRÅDE (PBL § 20-4, 1. ledd nr 1.)**

#### **Bustadområde B1- B3**

Ved utarbeiding av reguleringsplan skal ein tilpassa byggeområda til landskapstrekk og terreng. Det skal leggjast til rette for høg utnytting i alle område. Unyttinga skal være høgast nær sentrum. % BRA skal fastsetjas i reguleringsplanen.

#### **Sentrumsføremål Skogskiftet S1**

Før vidare utbygging i området skal det utarbeidast ein reguleringsplan for heile området S1.

#### **Overordna mål for reguleringsplanen**

Skogskiftet sin identitet som eit vakkert og attraktivt kommunesenter skal styrkjast ved:

- 1) Mangfald av funksjonar
- 2) Høgare utnytting av tomtene
- 3) God arkitektur
- 4) Ny offentleg plass
- 5) Trafikkavlasting og tilrettelegging for park & ride

## 6) Sikring av naturkvalitetane

### Krav til reguleringsplanen:

#### 1. Det skal leggjast til rette for blanda sentrumsføremål.

Innafor området skal det leggjast til rette for ei blanding av funksjonar som handel, bustadar, kontor, offentleg og privat service, kulturhus, kafear, hotell, vinmonopol, bussterminal og eit sentralt plass-rom

1. etasje skal primært nyttast til publikumsretta funksjonar, men vera fleksible slik at dei i periodar kan nyttast til bustadar eller kontor. Forretningar skal ha inngang frå gateplan. Tildekking av forretningsvindaugo er ikkje tillatt.

2. etasje skal primært nyttast til kontor og 3. etasje til bustadar.

Det skal vera korte avstandar mellom viktige målpunkt slik at ein unngår bilkøyring i sentrumsområdet. Sentrumsområdet skal ikkje ha større utstrekning en 600 m frå ytterkant til ytterkant.

Når ny hovudveg vert lagt i tunnel utanom sentrum, skal bensinstasjonane lokaliserast nær avkøyrsla frå hovudvegen. Brannstasjonen skal liggja nær hovudvegen, men kan flyttast til utkanten av sentrumsområdet på kort sikt.

#### 2. Høgare utnytting av tomtene

Det skal leggjast til rette for nybygg med byggehøgde over terreng på 12 m. Tomteutnyttinga over terreng skal vera minimum 300% BRA .

#### 3. Styrka staden sin visuelle identitet

Ved oppføring av nybygg skal ein etterstreba god arkitektur og god tilpassing til landskapet. Spesielt høge krav skal ein stilla til nybygg langs hovudvegen, bygg som grensar opp mot det nye uterommet, "Sundplassen", og til bygningar som er synlege for mange eller som har ein felles eller offentleg funksjon som til dømes kulturhus. Nybygg skal oppførast med tidstypisk arkitektur som er representativ for vår tid, men som samstundes inngår i ein heilskap.

*Element som bind ei husgruppe saman og skapar heilskap kan vera materialbruk, farge, byggehøgde og takform. Kulturhus eller andre bygg som har ein viktig funksjon for fellesskapet, kan gjerne skilja seg ut og stå fram som eit signalbygg og kan plasserast inntil sentralt uterom /plass eller på ei tomt som er synleg for mange.*

#### 4. "Sundplassen"

Sentralt i planområdet skal det plasserast eit nytt uterom, ein "Sundplass", som kan bli ein attraktiv og god, bilfri møteplass for dei som bur i lokalområdet og tilreisande.

Plassen skal ha gode estetiske kvalitetar og opparbeidast i varige materialar. Plassen skal vera tilgjengeleg for alle, ha gode soltilhøve og vera skjerma mot framherskande vind. Plassen skal kunna nyttast til marknadar, konsertar, utandørsteater, utstillingar, leik og opphald. Plassen skal kunna fungera som leike og opphaldsareal for bustadane i sentrumsområdet.

*Om mogeleg bør eksisterande naturkvalitetar integrerast i plassen, til dømes fjellveggen mot Sundheimen .*



### **5. Trafikkavlasting**

I sentrumsområdet skal all bilkøyning skje på dei gåande og syklande sine premissar. Ny riksveg skal på lang sikt leggjast i tunnel utanom sentrum. Ved etablering av ny tilkomstveg mellom riksvegen og vasstårnet skal tungtransport som har andre reisemål enn Skogsskiftet leiast utanom senteret.

### **6. Parkering og bussterminal**

Det skal leggjast til rette for bilparkering for sentrumsfunksjonane i felles anlegg i bygningar, under terreng eller på bakkeplan. Felles parkeringsanlegg skal liggja nærast mogeleg avkøyning frå hovudvegen og nær forretningsområdet. Det skal også setjast av parkeringsareal for sykkelparkering og park & ride nær bussterminalen.

Bussterminalfunksjonen kan flyttast på sikt. Bussterminalbygget kan bli tillagt ein annan sentrumsfunksjon og om naudsynt flyttast for å gi betre plass til kulturbygg eller anna sentrumsbygg.

### **Blanda sentrumsføremål S2**

Området skal nyttast til institusjonar, bustadar for prioriterte grupper og barnehage. Området skal fortettast på bakgrunn av ny reguleringsplan.

Maks gesimshøgd: 6 m over gjennomsnittleg eksisterande terreng

Maks mønehøgd : 9 m over gjennomsnittleg eksisterande terreng

Ved fortetting skal ein sjå til at området får eit mest mogeleg heilskapleg preg.

### **Blanda sentrumsføremål S3**

Eksisterande reguleringsplan skal gjelda inn til nytt industriområde er regulert. Bruksendringar til anna føremål enn industri og lager er ikkje tillatt før ny reguleringsplan for området er vedtatt.

Ny reguleringsplan for området skal leggja til rette for blanda sentrumsføremål, dvs lettare handverk, kontor, bustadar, barnehage og liknande . Verksemdar som er trafikkskapande og som trekkjer til seg tunge køyretøy skal ikkje lokalisert i området.

### **Fritidsbebyggelse/naustområde**

Nye naust kan berre oppførast der det kan dokumenterast at det har stått naust frå gammalt av. Sjå kommuneplanen for utdjupande føresegn.

### **Erverv E1**

Arealet skal regulerast til erverv når Rv 555 er bygd. Detaljvarehandel er ikkje tilleite i området.

<p><b>Erverv E2</b> Området skal regulerast til erverv. Området skal kunne nyttast til industri og handverksemdar som treng god tilknytning til hovudvegsambandet. Handel med plasskrevande varer kan etablerast i området. Detaljvarehandel er ikkje tillete i området. Verksemdar som på grunn av støy eller forureining er til sjenanse for tilgrensande bustadområde, er ikkje tillete i området. Før området kan tilretteleggjast for erverv skal eksisterande motorkrossbane skaffast erstatningsareal. Bensinstasjon kan plasserast i området nær hovudvegen.</p>
<p><b>Offentleg føremål Skule O1</b> Området skal nyttast til vidaregåande skule og barneskule.</p>
<p><b>Offentleg føremål Skule O2</b> Området kan regulerast til ny skule /symjeanlegg. Området er spesielt eksponert i landskapet. Det må derfor stillast spesielt høge krav til arkitektur, landskapstilpassing og terrengtilpassing. Jamfør også krav til dokumentasjon.</p>
<p><b>Offentleg føremål O3</b> Området skal nyttast til energianlegg.</p>
<p><b>Offentleg føremål O4</b> Området skal nyttast til høgdebasseng for vassforsyning</p>
<p><b>Offentleg føremål O5</b> Området skal nyttast til brannstasjon. Plassering og utforming avklares gjennom reguleringsplan.</p>
<p><b>Idrettsføremål F 1</b> Området skal nyttast til idrettsanlegg og tilhøyrande anlegg. Ved tiltak i område I 1 skal ein ta omsyn til at området er ein del av ein overordna grøntstruktur. Av omsyn til biologisk mangfald er det ikkje tillete å gjera inngrep i området rundt tjernet ved Hald stadion.</p>
<p><b>Idrettsføremål F 2</b> Området skal nyttast til idrettsføremål.</p>
<p><b>LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (PBL § 20-4, 1. ledd nr 2.)</b></p>
<p><b>LNF Landbruksområde – Kjerneområde for landbruk</b> Området skal sikrast for landbruksføremål</p>

**LNF Turveggar – Skogsløypene**

Den korte Skogsløypa skal så langt råd er opparbeidast med universell utforming på bakgrunn av reguleringsplan. Det skal opparbeidast ein universelt utforma badeplass i nordenden av Skogsvatnet. Det kan opparbeidast naturstiar i det kuperte terrenget langs vatnet.

Dei lange Skogsløypene skal opparbeidast som turstiar og merkast.

**OMRÅDE FOR SÆRSKILT BRUK ELLER VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL § 20-4, 1. ledd nr 5.)****Småbåthamner**

Nye småbåthamner i området kan etablerast på bakgrunn av reguleringsplan. Kai, flytebyggjer, utfyllingar, sjøledninger m.m. krev godkjenning av havnemyndighetene, jf Lov om havner og farvann.

**VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET (PBL § 20-4, 1. ledd nr 6.)****Hovudveg**

Trase for ny Hovudveg Rv 555 skal fastsetjast gjennom eigen kommunedelplanprosess. Tiltakshavar er ansvarleg for oppføring av støyskjerming av byggeområde som er utsett for høgare støynivå enn det som er tillete.

**D) GEOGRAFISK AVGRENSA RETNINGSLINER****Retningslinjer for bustadområda**

Det skal leggjast til rette for små og store familiar. Bygningar kan ikkje byggjast nærare privat veg enn 4 meter frå vegkant, 30 meter frå vatn og 10 meter frå fiskeførande vassdrag.

**Retningsline for LNF området. Friluftsområde - Utemarka.**

Området som på plankartet er vist som regionalt friluftsområde/ LNF-område der friluftsliv er dominerande, skal sikrast i planperioden.

**Retningsline for LNF området. Grøntkorridor**

Område som er vist på plankartet som viktige LS (landskap) – turvegdrag /grøntstruktur skal haldast open for allmenn ferdsel. Det skal ikkje tillatast bygg og anlegg i området